



DEN NORSKE KYRKJA

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevegen 6
6856 SOGNDAL
Tlf: 57679985
post@sogndal.kyrkja.no

Kulturdepartementet, kyrkjeavdelinga
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Sogndal 30.09.2014
Vår sakshandsamar: JMHE
Vår ref.: 14/00037-001
Arkivkode: 012.2

NOU 2014:2 Lik og likskap, høyringssvar frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd valde ei gruppe som saman skulle sjå nærmare på høyringa. I gruppa sat kyrkjetenar Bente Leirdal Sleen, sokneprest og prostiprest Kjell Sæter, fellesrådsleiar Marit Lunde Mundal og kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd fekk så framlagt deira framlegg til høyringssvar på møte 30.09.14, og fatta då fylgjande vedtak i saka.

Sak 037/14: NOU2014:2 Lik og likskap

Vedtak:

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd støttar høyringsuttalen utarbeida av den nedsette gruppa, og vedtek denne som sin uttale til høyring NOU 2014:2, Lik og likskap.

Høyringssvar på høyringa «Lik og likskap», NOU 2014:2:

Utvalet har utarbeida eit stort og omfattande høyringsdokument vedkomande rettslege og økonomiske spørsmål knytt til avgifter i samband med gravlegging. I tillegg har utvalet vurdert behovet for innhenting av styringsdata og behovet for styrka kunnskap på gravferdsområdet.

Utvalet har i dokumentet slått fast 6 prinsipp for gravferdslovgivinga, samt føreslege regelendringar og andre tiltak som skal gi meir føreseielege løysingar for brukarane av gravferdstenestene.

Utvalet har så ut frå dette kome med ein del forslag, som me vil kommentere gjennom vårt høyringssvar.

- 1) Kistegravlegging og kremasjon vert likestilt økonomisk og juridisk som gravferdsform.
 - Me stiller oss positive til at høve til å krevje kremasjonsavgift vert oppheva. Dette ser me på som eit tiltak som kan fremje likskap for brukarane av gravferdstenestene; uansett tru og uansett økonomiske moglegheiter for dei etterlatne.
 - Likeeins stiller me oss positive til at ansvaret for bæretransporten vert flytt frå NAV til gravplassforvaltninga. Dette meiner me vil vere med å samle ansvaret for gravferdstenestene, og ikkje plassere delansvar rundt på fleire. Det er likevel ein føresetnad at midlane som då vert flytt frå NAV til rammetilskotet til kommunane, faktisk kjem vidare til gravferdsforvaltninga – i dei fleste høve fellesråda. Dette slik at ikkje berre ansvaret for bæretransporten vert flytt, men også mogleheita til å kunne ta dette ansvaret.
 - Samtidig er me noko skeptisk til at frakt av bærer frå ein kommune til ein annan skal vere heilt kostnadsfritt for dei etterlatne. Me fryktar at dette kan stimulere til utstrakt frakting av bærer rundt i landet. Me veit at folk flytter mykje meir på seg no enn tidlegare, medan mange kanskje framleis ynskjer å bli gravlagt i den kommunen dei vart fødd i/voks opp i. Me meiner at det vil vere uheldig å stimulere til ein auke i transport av bærer rundt om i landet, og føreslår at det vert sett ein takst for transporten som dei etterlatne må betale dersom båra skal fraktast frå ein kommune til ein annan – i alle høve der transporten då vil gå over store strekningar. Dersom det t.d. vil bli sett ein fast kilometertakst for denne transporten, så kan dette vere med å bremse ei utvikling, som kanskje kan komme, med meir utstrakt frakting av bærer frå ein stad til ein annan.
- 2) Kommunane skal vere pliktige til å ta imot utanbygds gravlegging. Brukarbetaling for gravlegging i ein annan kommune enn avdøde sin bustadkommune vert oppheva.

- Me stiller oss positive til dette forslaget. Dette fordi ein som regel har ei form for tilknytning til den kommunen ein ynskjer å bli gravlagt i, og at det slik vil vere ein naturleg del av sorgprosessen for dei etterlatne også at gravlegging kan skje der ein ynskjer – utan at økonomiske forhold for dei etterlatne skal ha noko å seie for dette.
 - I vårt fellelsråd har me hatt eit vedtak på at ein ikkje skal krevje betaling for bruk av kyrkja eller oppgraving av grav i samband med utanbygds gravlegging. Me har heller ikkje hatt anna storleik på festeavgift for desse gravene enn for andre. Slik sett har alle blitt handsama likt, uansett kvar ein kjem frå. Me er likevel klar over at mange andre fellelsråd/gravferdsforvaltningar har ein annan praksis. Ordninga med at det skal fastsetjast ein oppgjersordning mellom gravplassforvaltningane i staden for at dei etterlatne skal betale, vil slik sett kanskje ikkje få dei store fylgjene for økonomien, sjølv om det nok kan bli vanskelegare å ta høgde for dette i budsjetta.
- 3) Endring av avgifta for feste av grav slik at innbyggjarane vert handsama likt.
- Me er positive til forslaget om at alle gravleggingar skal utløyse 20 betalingsfrie år uansett kva for type grav som blir valt. Dette fordi det har vore ei ordning som har vore vanskeleg å forstå for mange, samtidig som mange også har følt at dette har vore ei urettferdig ordning. Ei endring her vil vere med på å skape likskap for alle, samtidig som reglane vil bli enklare å forstå.
 - Denne regelendringa kan likevel føre til bortfall av ein del inntekter for gravplassforvaltninga. Utvalet foreslår ei kompensering gjennom auka rammeoverføringar til kommunane, men igjen føreset dette at desse midlane då kjem vidare til gravplassforvaltninga – i dei fleste tilfelle fellelsråda, og ikkje blir verande hjå kommunen. Dette legg også utvalet til grunn, men dette må vere ein føresetnad som ligg fast.
- 4) Tiltak for å få betre statistikk og meir forskning på gravferdsområdet.
- Me er positive til å få betre statistikk på området. Statistikken viser ein auke i tal døde dei neste åra, og ein betre statistikk på dette vil kanskje vere ein god reiskap i planlegginga på å møte denne auken. Gjennom ei rapportering av kva kostnader som går til gravplassforvaltning, samt kor mange gravleggingar ein har i den enkelte kommune, vil ein få betre tilgang til materiale å byggje desse statistikkane på.
 - Utvalet tek elles til orde for ei todeling av fellelsrådet sin rekneskap, og ei rapportering ut frå det (KOSTRA-tal). Eit rekneskap for kyrkjeleg verksemd og eit for gravferdsforvaltninga. Dette er noko me som fellelsråd støttar. Me trur at ein slik vil tydeleggjere kommunane sitt økonomiske ansvar, samtidig med fellelsrådet si todelte rolle. Me trur også at dette vil vere med å styrka gravferdsverksemda lokalt, og bidra til at dagens ordning med fellelsrådet som gravferdsmynde vil halda fram.
- 5) Endringar i forvaltningsoppgåver.
- Utvalet foreslår at oppgåvene bispedømerådet har ut frå gravferdslova i dag vert flytt til Fylkesmennene. I tidlegare høyringar har fellelsrådet her sagt at dei framleis ynskjer at fellelsråda også i framtida skal vere gravferdsmyndigheit for alle. Dette er eit syn me framleis står for. For å ivareta denne ordninga er fellelsråda avhengig av at alle føler at ordninga er legitim. Ut frå dette vil me støtte ei endring der godkjenningssmynde og ankeinstans vert flytt frå bispedømerådet til Fylkesmannen. Dette trur me vil vere framtidsretta og formålstenleg.
- 6) Økonomiske og administrative konsekvensar.
- Viser her til kommentarar under punkt 1 og 3 der me presiserer at ein auke i rammeoverføringane til kommunane må syna att i overføringane til gravferdsforvaltninga/fellelsråda.
- 7) Forslag som utvalet vurderer til å vere på sida av mandatet.
- Utvalet foreslår at vilkåra for oskespreiing skal meir direkte gå fram av gravferdslova, og at behandlinga av søknader om oskespreiing vert lagt til den lokale gravplassforvaltninga, med Fylkesmannen som klageinstans. Dette er ei endring som fellelsrådet her støttar. På same måte som at ansvaret for båretransport vert flytt frå NAV til gravplassforvaltninga, vil dette vere med å samle ansvaret for alle tenestene innanfor gravferder, og ikkje pulverisere ansvaret ved å fordele det på fleire. Me trur også at dette vil gjere det enklare for brukarane av tenestene.
 - Utvalet foreslår også at det vert opna for oskespreiing på gravplass, og at det vert gitt høve til gravlegging i kolumbarium på gravplass. Fellelsrådet her støttar framlegget på å opne for oskespreiing på gravplass, og trur at dette kan i mange høve vere vel så bra som at det skal føregå ein

annan stad. Me ber likevel då om at dette vil bli gjort på tilvist plass av gravferdsforvaltninga, og ikkje kor som helst på gravplassen.

- Fellesrådet ser ikkje føre seg at å opne for gravlegging i kolumbarium vil føre til utstrakt bruk av denne typen gravlegging. Me ser likevel føre oss at etablering av kolumbarium må vere etter vedtak hjå den lokale gravferdsmyndigheita, og ikkje noko ein vil bli pålagt å etablere i alle kommunar.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Jorunn Merete Haukås-Eide
kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger